

Kreftavdelinga – drift i koronaperiode

Medikamentell kjemoterapi går i all hovedsak som normalt. Det er kun enkelte kurar ved palliativ behandlingsmål som evt vert flytta. Dette vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Kurar som Mabthera og Hizentra vert gjeve som subcutan injeksjon framfor intravenøs infusjon, for å korte tida då pasienten er ved poliklinikken.

Polikliniske kontrollar vert individuelt vurdert, og utsett dersom forholda tillet dette. Det vert også i større grad utført telefonkonsultasjonar. Pasientar får beskjed om endring/ utsetting av time.

Avdelinga er i startgropa i høve videokonsultasjonar, og vil prøve dette med enkelte pasientar der forholda ligg til rette for det.

Ved sengeposten er det øh-innleggingar som tidlegare. Pasientar som treng innlegging ved medikamentell kjemoterapi vert innlagt ved sengeposten som tidlegare.

Det er ikkje høve å ha besøkande ved avdelingane. Dette er kun ved medisinske grunnar.

Henvisningar vert utført som normalt, men ein kan pårekne noko lengre svartid.